

## 30 års jubilmefest et år forsinket

Lions Club Lindås ble stiftet i 1979 og har hatt Alver hotell som møteplass, men mange av møtene blir lagt til interessante bedriftsbesøk. I fjor var klubben 30 år, og dette ble forrige helg feiret på Mo brygge med julemat fra Island og Norge. Vertinna på Mo brygge, Gudbjörg underholdt med et kåseri om Island og deres liv fram til familien havnet i Modalen.

Gjestene Jon og Eli Vetås fra Lions Club Radøy kom med gaver, og Jon sa noen ord om fra den tiden da Lions Radøy ble startet, og at Lindås var faddere.

Gjennom 30 år har klubben hatt mange aktiviteter og støttet økono-

misk både sentralt og internasjonalt. Her i Norge har vi vært med på alle Røde Fjær aksjonene. "Lions Quest"


Som i dag heter "Det er ditt valg", et program som blir brukt i skolene for å motivere barn og ungdom til å få holdninger mot narkotika. Hvert år bidrar vi med å sende noen ungdommer ut i verden for å knytte kontakter med mennesker med annen kulturbakgrunn på leirer og en tid boende hos vertsfamilier. Vi har også vært vertsfamilier for ungdom fra andre land.

Midlene taes inn ved gjødselsaksjoner, tulipanaksjoner, vedaksjo-

ner og i disse dager selger vi en adventskalenders om er blitt meget populær. Hvert år før jul har vi vakter på det store juleballet som Knarvik videregående skole har. Vi hjelper også ungdomsklubber, organisasjoner og eldre med forskjellige ting.

I dag fremstår Lions Lindås med medlemmer av begge kjønn, og vi oppfordrer alle som vil være med å hjelpe oss i dette viktige arbeidet om å ta kontakt med oss. Vi trenger flere medlemmer!

For Lions Club Lindås  
Aif Bjarne



JUBILEUM: Representanten Jon Vetås fra Lions Club Radøy overrekke gaver til Lions Club Lindås sin president Harald Øvstegård.



### Julegryta på plass

For mange er det blitt ein juletradisjon og gje eit bidrag til Frelsesarmeen si julegryta. For 110. gong vert gryta no hengt opp rundt om i landet. I ei pressemelding frå Frelsesarmeen heiter det at 50 kroner kan gje sju varme, næringsrike måltid til rusavhengige, og 200 kroner kan bli til ei kjærkomen julegåve til ein ungdom med foreldre som slitt økonomisk. Ein kan og gje eit bidrag via nettgryta: [www.frelsesarmeen.no/gi](http://www.frelsesarmeen.no/gi).

### Bruaset til Knarvik

I dag kjem Oddgeir Bruaset, i morgon bygdebokforfattar Anders Haugland til bokhandelen i Knarvik. Bruaset er mest kjend for dei populære programma på NRK "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu". I boka "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu" tek Oddgeir Bruaset lesarane med på 15 reiser til dei mest avsidliggjande stadane i Norge og folket som bur der.

### Haugland signerer bygdeboka

Torsdag 2. desember kjem Anders Haugland, forfattaren av dei til no tre binda i bygdeboka for Radøy på besøk.

Anders Haugland (f. 1949) er frå Ølen og ættar frå Haugland på Radøy. Han er utdanna lektor med hovudfag i historie frå Universitetet i Bergen og har mellom anna skrive bygdebokverket Skåneviksoga i seks bind. Tidlegare har han vore ordførar i Ølen kommune og hatt arbeid ved den vidaregåande skulen. No er det tredje bindet av bygdebokverket for Radøy kommune ferdig. Det omfattar gards- og slektsogge for eit område som strekkjer seg frå Floni og Toska, vidare til kommunesenteret Manger og like til Kolås. - I dette bokverket finn du både slekter og historiske fakta - og mange godbitar og interessante glimt frå ei faren tid, seier Nils Frøseth i Nordhordland Libris, som håpar mange nyttarseg av sjansen til å få boka signert.

# Tatarane sitt liv på Utvandringssenteret

**Fascinasjon og frykt**  
- Frå gamalt av var romanifolket spesialistar på hestehald og metallhandverk som bøndene hadde bruk for. Dei fastbuande vart fascinerte av desse frie og omreisande folka, men det var og mykje frykt, skepsis og uvilje. Den gamle konflikten mellom fastbuande og reisande fekk på 1800-talet ny næring av styresmaktene sin skepsis til personar utan fast arbeid eller bustadadresse, seier Torgeir Skorgen.

### Drastisk til verks

- Og tatarane vart i særleg grad ein torn i auga på det moderne norske storsamfunnet. På 1900-talet byrja styresmaktene å uroseg for at livsstilen til dei reisande kunne skuldast eit eige omstreifar-gen eller vera eit utslag av raseblanding. Og med hjelp av meir drastiske tiltak som internering i arbeidsleirar, statleg tvangsovertaking av borna, psykiatrisk tvangsbehandling og offentlege sterilisasjonsprogram førte storsamfunnet på 1900-talet ein stadig meir hardhendt fornorskings-politikk overfor dei reisande. Målet var å avlæra romanifolket kulturen, språket og levestillet dei hadde med seg, avsluttar Skorgen.

Han held føredraget i Emigrantkyrkja før opning av dei to utstillingane i emigrantlandsbyen. Utstillingane er opne for publikum i forkant av konserten fredag og på utvalde dagar til og med 12. desember.

**RADØY: Romanifolket sitt liv og historie på Vestlandet er temaet for ei utstilling og ein arrangement på Vestnorsk Utvandringssenter denne veka.**

Utstillingane "Nasjonens barn" og "Dei båtreisande" blir opna i dag, samtidig med at førsteamanuensis ved UJB, Torgeir Skorgen kjem til Sletta for å halda føredraget "Frykt og fascinasjon: det norske storsamfunnets møte med de reisende".

### Myter og mystikk

- Det finst knapt nokon minoritet i Noreg som er meir omspunnen av myter og mystikk enn romanifolket - også kalla "dei reisande". Dette blir gjenspegla i dei mange folkelege namna ein har brukt om dei: tater, fant, fark og splint, seier Skorgen.

Fredag denne veka kjem også Gjertruds Sigøynerorkester for å halda konsert i Emigrantkyrkja.

- For oss er både utstillingane og føredraget svært viktige og eit ledd i å utvida arbeidsfeltet og profilen vår, seier Ida Dyrkorn Heiterland ved Vestnorsk utvandringssenter. - Vi gler oss også til konserten på fredag der Gjertruds sigøynerorkester fyller Emigrantkyrkja med nye og spennande tonar.



TO UTSTILLINGAR: I dag blir det opna to utstillingar på Vestnorsk Utvandringssenter om taterane sitt liv og historie. Torgeir Skorgen held føredrag om "Frykt og fascinasjon: det norske storsamfunnets møte med de reisende".